



Notat

Dato: 13.06.2019
Arkivsak: 2018/505-36
Saksbehandlar: ireolse

Til: Fylkeskasseraren v/Vidar Kloster

Frå: Eigedomsavdelinga

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06020 - Årstad vgs tilbygg/rehab

Rekneskap brutto:	659 455 037	Kostnadsramme ved byggestart:	Ikkje oppgitt
Rekneskap netto:	652 467 281	Revidert budsjett:	651 460 000,-

Årsbudsjett 2007 12 000 000

Utdrag frå saka:

Det er no starta eit kartleggingsarbeid der trongen for nybygg vert sett i samanheng med ei arealeffektivisering av noverande skule. Kartlegginga vil avgjera omfanget av arbeidet som skal gjerast.

Byggearbeida er førebels kostnadsrekna til 120 mill. kr. Første løyving på 12 mill. kr er ført opp i 2007, og det er vidare teke med 30 mill. kr kvart av åra 2008, 2009 og 2010. Sluttløyvinga til dette prosjektet er planlagt å koma i 2011.

Årsbudsjett 2008 10 000 000

Det er no starta eit kartleggingsarbeid der trongen for nybygg vert sett i samanheng med ei arealeffektivisering av noverande skule. Kartlegginga vil avgjera omfanget av arbeidet som skal gjerast. Dette prosjektet omfattar altså rehabilitering og nybygg, og arbeidet med nybygget vil starta i slutten av perioden.

Byggearbeida er førebels kostnadsrekna til 250 mill. kr. Første løyving på 12 mill. kr er budsjettert i 2017, og det er vidare teke med 10 mill. kr kvart av åra 2008, 2009 og 2010. I 2011 er det forslag om 50 mill. kr. Sluttløyvingane er planlagt å koma etter 2011.

Årsbudsjett 2009 20 000 000

Det er starta eit kartleggingsarbeid der trongen for nybygg og ombygging vert sett i samanheng med ei arealeffektivisering av noverande skule. Det vert lagt opp til fysisk å samla dei ulike utdanningsprogramma etter « skule i skulen»-prinsippet for å skapa den vesle skulen i den store. Det tyder at ulike grupper av elevar og lærarar vert organisert i tilnærma sjølvstendige og geografisk avgrensa arbeidseiningar. Dette skal betra det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet ved skulen.

Kartlegginga vil avgjera omfanget av arbeidet som skal gjerast. Dette prosjektet omfattar rehabilitering, ombygging og nybygg. Deler av arbeidet med nybygget vil starta i 2009.

Byggearbeida er førebels kostnadsrekna til 250 mill. kr. Dei første løyvingane på til saman 22 million kroner er budsjetterte i 2017 og 2008, og det er vidare teke med 20 mill. kr kvart av åra 2009 og 2010, 30 mill. kroner i 2011 og 50 mill. kr i 2012. Sluttløyvingane er planlagt å koma etter 2012.

Årsbudsjett 2010 30 000 000

FT 27/10

Fylkestinget godkjende i juni 2010 eit tilbygg til skulen med ei kostnadsramme på 90 mill kr. Tilbygget er ein lekk i eit større rehabiliterings- og ombyggingsarbeid som skal betra arbeids- og læringsmiljøet ved skulen.

Etter at tilbygget er fullført, etter planen i 2012, vil ein halde fram med arbeid i eksisterande bygningsmasse. Løyvingar på til saman 120 mill. kr er budsjetterte i perioden 2007–2011. Forslaget for 2012 og dei etterfølgjande åra er på 50 mill. kr pr. år.

FUV 189/10/ ÷ 2 000 000

FT 52/10

Fylkestinget godkjenner at det vert bygd eit simulatorrom på taket av Bergen maritime vg skole. Til prosjektet – som får ei kostnadsramme på 9 mill kr – vert det løyvd 2 mill kr i 2010. Løyvinga til Årstad vgs vert redusert tilsvarende.

Årsbudsjett 2011 50 000 000

Fylkestinget godkjente i juni 2010 eit tilbygg til skulen med ei kostnadsramme på 90 million kr. Tilbygget er ein lekk i eit større rehabiliterings- og ombyggingsarbeid som skal betra det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet ved skulen. Etter at tilbygget er fullført, etter planen i 2012, vil ein halde fram med arbeid i eksisterande bygningsmasse. Det må reknast med vidare løyvingar etter 2014.

Løyvingar på til saman 42 million kr er budsjetterte i 2007, 2008, 2009. I opprinneleg budsjett 2010 er det ført opp 30 mill. kr. Forslaget for 2011 og dei etterfølgjande åra er på 50 mill. kr.

Årsbudsjett 2012 50 000 000

Fylkestinget godkjende i juni 2010 eit tilbygg til skulen med ei kostnadsramme på 90 mill. kr. Tilbygget er ein lekk i eit større rehabiliterings- og ombyggingsarbeid som skal betra arbeids- og læringsmiljøet ved skulen. Etter at tilbygget er fullført, etter planen i 2012, vil ein halde fram med arbeid i eksisterande bygningsmasse.

Løyvingar på til saman 120 mill. kr er budsjetterte i perioden 2007-2011. Forslaget for 2012 og dei etterfølgjande åra er på 50 mill. kr. pr. år.

Årsbudsjett 2013 50 000 000

Fylkestinget godkjende i juni 2010 eit tilbygg til skulen med ei kostnadsramme på 90 mill. kr. Tilbygget til Bygg C er ein lekk i eit større rehabiliterings- og ombyggingsarbeid som skal betra arbeids- og læringsmiljøet ved skulen. Etter at tilbygget er fullført i 2012, vil en halde fram med arbeid i eksisterande bygningsmasse i bygg B for deretter ta til med rehabilitering av Bygg A.

Prosjektet har også som mål å betra dei interne kommunikasjonane ved skulen, Med det nye tilbygget til Bygg C er det etablert ei innandørs samankopling til Bygg B. Det er også planlagt eit nytt tilbygg mellom Bygg A og Bygg B med ny hovudinngang til skulen. Frå den nye hovudinngangen vert då alle skuleareala samanknytt med eit innvendig kommunikasjonsareal som vert universelt utforma.

Løyvingar på til saman 170 mill. kr er budsjetterte i perioden 2007-2012. Forslaget for 2013 er på 50 mill. kr, og vidare utover i perioden er det ført opp 75 mill. kr. i 2014 og 2015 og 50 mill. kr. i 2016.

FT 33/13**45 000 000****Utdrag:**

Ved handsaming av første del av skulebruksplanen i desember 2012 vart det vedteke å overføra elevar som ikkje har studieførebuande programfag frå Bjørgvin videregående skole og Bergens Handelsgymnas til Årstad videregående skole.

Ut frå dette må arbeidet ved Årstad videregående skole forserast slik at kapasitet og tilbod er klar til skulestart i 2014. Dette inkluderer mellom anna bygging av mellombygg, der forprosjektet vart godkjent av fylkestinget i sak 13/2013, og fullføring av rehabilitering av B-bygget.

Samla behov for budsjettauke i 2013 er på 45 mill. kr.

Årsbudsjett 2014

Målet med prosjektet er å betre den interne kommunikasjonen, rehabiliter bygningsmassen for å stette krava i forskrift om miljøretta helsevern og gjere skulen universelt utforma. Arbeidet byggjer på ein arealdisponeringsplan som med utgangspunkt i vedteken skulebruksplan viser korleis areala skal nyttast og trongen for tilleggsareal. Desse tiltaka vil leggje til rette for å betre arbeids- og læringsmiljøet ved skulen.

I 2012 vart tilbygget til bygg C fullført med innandørs samankopling til bygg B. Tilbygget inneheld nye kropps-øvingslokale med tilhørande garderober og generelle klasserom med grupperom. I samankoplinga mot bygg B har biblioteket fått nytt tilleggsareal.

Rehabiliteringa av bygg B er no i full gang. Til skulestart i 2013 er eit nytt auditorium med 300 plassar, nye lærararbeitsplassar og ei rehabilitert bilavdeling teke i bruk. Ved utgangen av 2014 vil det meste av areala i bygg B vera ferdig ombyggt.

Arbeidet på mellombygget mellom bygg A og B med ny hovudinngang er no starta opp, og skal vere ferdig hausten 2014. Frå den nye hovudinngangen vert då alle skuleareala knytt saman med eit innvendig kommunikasjonsareal som vert universelt utforma.

Når arbeida i bygg B og mellombygget er ferdig, vil full innvendig og utvendig rehabilitering av Bygg A starte opp. Ein planlegg at dette arbeidet skal vere avslutta i 2016.

Nytt arkivlokale

I underetasjen i bygg B ved Årstad videregående skole er det lokale som er ueigna for undervisning, men kan nyttast til arkiv. Fylkesarkivet som er depotinstans for fylkeskommunale arkiv har dei siste åra mangla magasinplass til oppbevaring av papirarkiv.

Fylkesrådmannen har vurdert fleire alternativ for å skaffa meir arkivplass, og vil tilrå at lokale i underetasjen på Årstad vert ombyggt til arkivlokale. Dette er eit lokale med stor takhøgde, men utan dagslys. Lokalet vil løyse fylkeskommunen sitt behov for magasinplass i åra framover (8-10 år). Riksarkivet har vurdert og godkjent lokalet som arkiv.

Kostnaden for etablering av fylkesarkiv i på Årstad er rekna til 8 mill. kr. Leige hjå IKA-Hordaland kostar årleg kr. 450,- pr. hyllemeter. Med 5 200 meter blir dette ein årleg kostnad på 2,34 mill. kr som er monaleg dyrare enn ei etablering på Årstad. Ein planlegg å ferdigstille arkivet i 2014. Kostnaden er inkludert i investeringsbudsjettet for opprustinga av Årstad videregående skole.

Samla er det budsjettert med 110 mill. kr i 2014, 50 mill. i 2015 og 125 mill. kr i 2016 – totalt 285 mill. kr.

PS 58/14 140 000 000

Som opplyst i rapporteringa for 1. tertial er det no utarbeida revidert plan for framdrift og økonomi. Eit nytt tiltak er flytting av tilrettelagt opplæring frå Margaretastredet på Nordnes til 4. etasje i bygg B. Den tilrettelagte opplæringa som er på Årstad vgs i dag, vert samla i 3. etg. i bygg B. Desse tiltaka har auka kostnadene for inneverande år. Fylkesrådmannen tilrår derfor å auke budsjettet med 30 mill. kr i år for å halde framdriftsplanen. Til saman er då budsjettet 140 mill. kr i 2014.

Brev eigedom 2014 4 800 000 – Klubbhus – refusjon frå Bergen kommune

Bakgrunnen for brevet var at fylkeskommunen, som ein del av utbyggingsprosjektet, hadde påtatt seg å bygge eit klubbhus, som Bergen kommune skulle refundere kostnaden med.

Årsbudsjett 2015 105 000 000

Målet med prosjektet er å betre den interne kommunikasjonen, rehabilitere bygningsmassen for å stetta krav i forskrift om miljøretta helsevern og gjere skulen universelt utforma. Arbeida bygger på ein arealdisponeringsplan som med utgangspunkt i vedteken skulebruksplan viser korleis areala skal nyttast og kva trong det er for tilleggsareal. Tiltaka legg til rette for betre arbeids- og læringsmiljø ved skulen.

Arbeidet med rehabilitering av Bygg B nærmar seg slutten. Teknisk Industriell Produksjon(TIP) har no flytta dei tunge verkstadene til 1. etasje. 5., 6. og 7. etasje i høgblokka er tekne i bruk med klasse- og spesialrom for TIP og elektro. I 2. etasje er det etablert lærararbeidsplassar og møterom. I 3. etasje som er kommunikasjonsplanet i skulen, er det no bibliotek og auditorium med 300 sitjeplassar. Det nye mellombygget mot Bygg A som også er ferdigstilt, vert ny hovudinngang for skulen godt synleg frå Fjøsangervegen. Fram til skulestart i 2015 skal ein vere ferdig med dei resterande arbeida i Bygg B. Dette gjeld base for tilrettelagt opplæring(TO), elektroavdeling (EL), lærararbeidsplassar og magasin for fylkesbiblioteket.

Arbeida med Bygg A startar våren 2015 og er planlagt ferdig til skulestart i 2016. Under byggearbeida vert skulebygget tømt og undervisinga flytta til mellom anna leigde lokale i Solheimsgaten. Bygg A skal nyttast til kantine, lærarrom, administrasjon og teknisk drift. Vidare vil utdanningsprogramma Design og handverk(DH) og Helse og oppvekst(HO) også få plass i det rehabilitererte bygget.

Ved utgangen av 2014 er det brukt til saman 405 mill. kr på prosjektet. I 2015 tilrår fylkesrådmannen å sette av 105 mill. kr og i 2016 er det sett av 90 mill. kr. Totalt er det då brukt 600 mill. kr til opprusting av Årstad videregående skole.

PS 51/15 31 000 000**Utdrag:**

Samla forbruk til rehabilitering, ombygging og utviding av Årstad vgs vil etter det som er kostnadsført til no og ført opp i økonomiplan kome på til saman 604,8 mill. kr inkludert løyving i økonomiplan i 2016. Alle delprosjekt er i rute og arbeida er samla sett kalkulert til å ligge innanfor den vedtekne økonomiske ramma.

Hovudmåla for 2015 er å:

- Ferdigstille fløybygget bygg B, 3 og 4 etg. (Ferdigstilt)
- Ferdigstille høyblokken 4 etg. bygg B (Ferdigstilt)
- Nytt fylkesarkiv bygg B (Pågåar)
- Nytt garderobeanlegg og sykkelparkering bygg B (Pågåar)
- Ny reinholdssentral bygg B (Pågåar)

Rehabilitering av bygg A starta i april i år og vil bli ferdigstilt til sommaren 2016.

Ut frå gjeldande framdriftsplan vil ein større del av arbeida verte utført i 2015 enn det som var føresett då budsjettet vart vedteke og ein tilsvarande reduksjon vil då kome i 2016. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at budsjettet vert auka med 31 mill. kr i 2015, frå 105 til 136 mill. kr.

Det er laga planar for vidare rehabilitering som det ikkje er vedteke finansiering for. Fylkesrådmannen vil vurdere dette nærare ved utarbeiding av budsjett- og økonomiplan for dei komande åra.

PS 69/15 14 000 000

Utdrag:

Prosjektet er delt opp i fleire delprosjekt og status for arbeida er:

- Ferdigstille fløybygget bygg B, 3 og 4 etg. (Ferdigstilt)
- Ferdigstille høyblokken 4 et. Bygg B (Ferdigstilt)
- Renovering av heis bygg B (Ferdigstilt)
- Nytt garderobeanlegg og sykkelparkering bygg B (Ferdigstilling i september)
- Ny reinhaldsentral bygg B (Ferdigstilling i september)
- Nytt fylkesarkiv bygg B (Ferdigstilling i oktober)
- Rehabilitering av bygg A er i full gang og dette delprosjektet vert ferdigstilt sommaren 2016.

Framdrifta i prosjektet er svært god, og ut frå gjeldande framdriftsplan vil ein større del av arbeida verte utført i 2015 enn det som var føresett både då budsjettet vart vedteke, og budsjettet vart auka ved behandlinga av 1. tertial. Fylkesrådmannen rår difor til at budsjettet vert auka med ytterlegare 14 mill. kr i 2015, frå 136 mill. kr til 150 mill. kr. I arbeidet med budsjett for 2016 er det lagt til grunn ein tilsvarande reduksjon i løyvinga.

Brev eig 2015 660 000

Auke i budsjettet skuldast budsjettering av tilskot frå Enova,

Årsbudsjett 2016 46 000 000

Arbeidet med ombygging og rehabilitering av Bygg B er no slutført.

Arbeida med Bygg A starta våren 2015 og skal vera ferdig til skulestart i 2016. I bygg A vert det ny kantine, lærarrom og rom for administrasjon og teknisk drift. Vidare vil utdanningsprogramma Design og handverk og Helse og oppvekst også få plass i det rehabiliterte bygget. Når Bygg A står ferdig kan ein flytte ut av leigde lokale i Solheimsgaten.

For 2016 rår ein til at det vert løyvd 46 mill. kr til fullfinansiering av prosjektet.

Eventuell vidare rehabilitering av bygg C eller andre nye prosjekt ved skulen må finansierast over rammeløyvinga knytt til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren.

PS 42/16 45 000 000

Ein er i slutfasen med rehabilitering av Årstad videregående skole. Det viser seg at oppgradering av lokala som skal nyttast til tilrettelagt opplæring, garderobeanlegget i bygg B vert noko høgare enn rekna med. I tillegg er sluttarbeidet i bygg A noko meir omfattande. Samla er det forslag om å auka budsjettet med 45 mill. kr til 91 mill. kr som sluttløyving. Det har då vore gjennomført ei omfattande rehabilitering av Årstad videregående skole over fleire år. Samla har opprustinga kosta om lag 650 mill. kr

Kommentar:

Dette er eit prosjekt som har pågått over svært mange år, og kor ein stadig har lagt til nye tiltak undervegs.

I rekneskapen er tiltaka delt opp på følgjande måte.

Tiltak / delprosjekt	
Årstad vgs – generelt	14 294 223
Ombygging bygg A	176 412 702
Rehab.Høyblokken plan 4 og 5	96 404 620
TC-bygg	84 645 686
TIP plan 1	60 212 041
Omb. B-blokk via rammeavtaler	36 214 226
Mellombygg A-B	35 336 501
Bilavd, auditorium, teknisk rom	32 203 625
2.etg. - blokk B	26 200 838
Blokk B - 6.etg.	20 056 176
Avfall/renholdssentral	17 826 506
Forprosjekt/detaljprosjekt B bygget	17 375 161
Årstad vgs - tilbygg 5.etg.syd	7 982 024
Fylkesarkiv	7 968 464
Forprosjekt A bygget	6 410 653
Årstad vgs - tilbygg forprosjekt	4 647 931
Delprosjekt Bygg C	4 184 526
Årstad vgs. - 4. etg.	3 354 895
Fjernvarmeledning	3 159 524
Skallsikring/låssystemer	2 017 191
ÅRV, Toaletter B.blokken	1 450 296
Omb.sikringsskap og div.avvik,3etg.B-blokken	803 382
Anna	293 846
Sum totalt	659 455 037

Årsaka til avvik mellom brutto og netto kostnad er i all hovudsak knytt til refusjon frå Bergen kommune på 4,8 million kroner knytt til bygging av eit klubbhus som vart overdradd til kommunen som ein del av utbyggingsavtalen, samt to ulike Enova tilskot på totalt 2 184 161,- kr. Av desse er berre 660 000,- regulert inn til styrking av prosjektbudsjettet.

Dei ulike delane av prosjektet er gjort greie for gjennom dei sakene som er utarbeida i løpet av åra.

På generell basis gjeld at sjølv om det ikkje vart definert ei samla kostnadsramme ved oppstart kan ein slå fast at totalkostnaden vart høgare enn opphavleg stipulert. Dette kjem og fram av dei politiske sakene som er laga undervegs, Kostnaden pr. m² er likevel ikkje vesentleg høgare enn kva ein normalt kan forvente ved tilnærma totalrehabiliteringsprosjekt, og ut frå premissene som var lagt til grunn i prosjektet,. Ein syner her for eksempel til at der var full skuledrift og at planane har endra seg undervegs.

Om lag 50% av arbeidet er gjennomført via rammeavtaler der byggherre har hatt koordineringa av dei einskilde entreprisane og prosjekteringa. Bakgrunnen for relativ høg del på rammeavtaler var mellom anna at det var svært vanskeleg å gje gode nok beskrivingar / utarbeide gode nok konkurransegrunnlag.

Den andre halvparten har vore gjennomført via totalentreprisemodellen og todelt totalentreprise der byggherre koordinerar ei teknisk entreprise og ei bygningsmessig entreprise.

Bruk av rammeavtaler har vore gunstig i forhold til mellom anna fleksibilitet, men konklusjonen i forhold til anbudsformer er at det på så store prosjekt ikkje er gunstig med så høg bruk av rammeavtaler. Ein har på seinare prosjekt difor nytta andre avtaleformer.

I forhold til revidert budsjett / netto kostnad går prosjektet om lag i balanse. Om ein korrigerer for ikkje budsjettert Enova tilskot går prosjektet med eit lite mindreforbruk i forhold til revidert ramme.

Kostnadsføringa knytt til prosjektet vart avslutta i praksis avslutta i 2018, og ein rår til at prosjektet vert avslutta.

Jostein Fjærestad
Eigedomsdirektør

Bjarte Molvik
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Rapportar